



Rosendal Uskedalen gutar 99 delte sigeren under Zinken Cup i Oddahallen laurdag kveld med Odda. I finalen vart resultatet 1-1 etter fulltid. Då vart det loddtrekking og den tapte gutane fordi reglementet tilsa at sigeren ikkje kunne delast. Etter vår meining delte dei imidlertid sigeren.

Dette er ein stor cup der alle laga i Hardanger-regionen deltek. Også alle Kvinnherad-laga stillar opp. Mange foreldre var med og heia på gutane og gjorde dette til ei stor oppleving for dei.

Dei 4 frå Uskedalen gjorde ein kjempeinnsats for laget. Dei var Karsten Haugland, Martin Yri Røssland, Emil Bakke Berntsen og Sondre S. Myklebust.

Av Ragnvald Myklebust